

Svar på spørsmål frå Stian Lavik og Astrid Aarhus Byrknes KO 23.02.23

Det var lagt opp til stor fridom for kommunane å tildele midlar ut frå lokale behov i kompensasjonsordninga.

For Alver kommune blei det i kvar tildeling opna for at alle verksemdar kunne søkje, ettersom alle verksemdar var råka og påverka av koronarestriksjonar. Dette var også vurderinga i runde 6 og 7 som blei slått saman.

Slik ordførar les spørsmåla, blir det her tatt opp to hovudmoment.

- Det eine går på grunnlaget for sjølve kommunestyrevedtaket 047/22, der det blir stilt spørsmål om handsaminga gav det resultatet ein ønska seg.
- Det andre momentet går på oppfølging etter kommunestyrevedtaket. Her var det ein vedtatt tildelingsmodell som var grunnlag for administrativ tildeling til kvar verksemd. For denne delen er det gjennomført ein klageprosess, der kommunal klagenemnd ikkje har gitt medhald til klagar. Men det er riktig at det blei gjort sakshandsamingsfeil etter forvaltningslova, noko som sjølv sagt er beklageleg, men det har ikkje hatt påverknad på kva midlar kvar enkelt verksemd fekk etter vedtatt tildelingsmodell.

Ordførar vart gjort merksam på klagen i desember 2022, og har etter dette prøvd å få oversikt over handlingsrommet kommunestyret har i denne saka. Slik ordførar har forstått denne saka, er det grunnlaget for kommunestyresaka det blir stilt spørsmål ved. Då er det viktig å vere presis på kva ein ønskjer å utfordre knytt til grunnlaget.

Det å utfordre at saka kunne fått eit anna utfall, vil vere krevjande. Det vil til dømes vere vanskeleg å vurdere kva utfall saka hadde fått dersom kommunestyret t.d. hadde vald å lyse ut runde 7 som ei eiga utlysing.

Det ein kan utfordre, er om saka var tilstrekkeleg opplyst slik at kommunestyret kunne gjere vedtak. Det er berre kommunestyret sjølv som kan utfordre dette, og det må gjennomførast av andre enn dei som førebudde og handsama saka i første omgang.

Spørsmålsstillar spør om ordførar kan setje ei sak på dagsorden. Før ordførar evt. set ei sak på dagsorden, har ordførar behov for å bruke meir tid på å undersøke grunnlaget for dette. I det arbeidet ønskjer ordførar å ha ein dialog med gruppeleiarane.